



H Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3042 - 16/11758

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.04.2016

Melding om vedtak gbnr 188/722 Gjervik ytre

MELDING OM VEDTAK

Melding om vedtak – Klage på avslag på søknad om løyve til oppføring av tilbygg til bustad

Saka vart handsama av Plan- og miljøutval i møte den 27.04.16, der følgjande vedtak vart fatta:

PM - vedtak:

Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald, og det vert gjeve løyve til å byggja tilbygget det er søkt om.

Grunngjeving: Det er ikkje kome klager på tiltaket frå nokon av naboane som er blitt varsla (omfattande varsling). Utforminga av tiltaket (nedsenka i terrenget) gjer at det ikkje hindrar utsikt frå naboane eller vegar i området. Plan- og miljøutvalet kan ikkje sjå at tiltaket bør avvisast av estetiske grunnar. Takvinkel er som før, og nybygg vert underordna opprinneleg bygg.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Vi gjer merksam på at søknad om dispensasjon og løyve til tiltak vert handsama av administrasjonen innan lovbestemte sakshandsamingsfristar.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om løyve til oppføring av tilbygg til bustad - gbnr 188/722 Gjervik ytre

Kopi til:

Torgeir Arne Lid og Jannicke Sangolt Oterdalen 66 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

H Sandvik AS Galteråsen 4 5916 ISDALSTØ